



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2141 - 23/72734

Saksbehandlar:
Josep Gayrbekov
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:
19.09.2023

Forberedende klagebehandling - gbnr 137/184 Alver

Saka gjeld søknad om dispensasjon for frå byggjegrense mot sjø og plankrav for oppføring av platting.

Bakgrunn:

I 2020 ble det søkt om dispensasjon for naust, slepp og kai. Det ble gjeve dispensasjon for naust og slepp, mens kaien ble avslått.

Den 26.02.2021 ble det søkt om løyve for oppføring av naust, slipp og platting. Administrasjonen meinte at plattinga krevde søknad om dispensasjon da dette ikkje var omsøkt tidlegare. Søkjar meinte at vedtaket frå 2020 ga tillatels til å byggje frem til sjølina, og at dispensasjon for plattinga ikkje var nødvendig.

Administrasjonen ga løyve til naust og slipp, i samsvar med dispensasjon frå 2020, mens plattinga ble avvist i vedtak 1065/21 da det ikkje ble søkt dispensasjon for dette.

Den 12.11.2021 klaga søkjar på vedtak 1065/21. Søknaden ble supplert med søknad om dispensasjon knytt til plattinga. Pga. plattinga ikkje tidlegare var blitt realitetsbehandla, ble klaga handsama som ein sjølvstendig søknad. Søknaden ble avslått i administrativt vedtak 214/22. Søkjar ble fakturert for handsaminga av saka, saksnr. 214/22.

Den 22.03.2022 mottok kommunen klage på vedtak 214/22. Det blei klaga på gebyret (for dispensasjon på kr 17.000) og realitetsvurderinga i avslaget på søknad om dispensasjon for platting:

- a) Klage på realitetsvurderinga blei handsama politisk og tiltakshavar fekk medhald vedtak med saksnr. 076/22.
- b) Klaga på gebyret blei avslått (handsama som søknad om redusert gebyr), saksnr. 614/22.

Den 19.06.2023 mottok kommunen klage på vedtak med saksnr 614/22. Klagar meiner at det ikkje skal tas gebyr for dispensasjon for plattinga når klagen blei tatt til følge politisk. Klagar vis vidare til at han i klagen hadde spesifisert at dispensasjonssøknaden som var lagt med i

klagen måtte handsamast under same gebyr som opphavleg søknad.

Vurdering:

At eit påklaga avslag på dispensasjon blir snudd etter politisk behandling fritar ikkje søkjaren for gebyr. Gebyra for dispensasjonssøknader skal betalast uavhengig av om dei blir avslått eller godkjent. Det same gjeld om eit vedtak blir snudd etter klage.

Det ble kravd dispensasjonsgebyr i klageomgangen ettersom det ikkje ble søkt dispensasjon i opphavleg søknad datert 26.02.2021. Hadde denne søknaden og inneheldt søknad om dispensasjon for plattingen, hadde kommunen kravd gebyr for dette i første faktura som blei sendt ut i forbindelse med løyve for naust og båtslipp. Klagaren hadde med andre ord ikkje unngått dispensasjonsgebyret dersom kommunen hadde handsama dispensasjonen i den søknaden av 26.02.2021.

Alver kommune kan ikkje sjå at det har kome inn nye moment i klagen som tilseier ei anna vurdering i saka enn den som ligg til grunn for vedtak 614/22 datert 31.05.2022.

Klagen vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Sakshandsamingstida hos statsforvaltaren er 12 veker.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Josep Gayrbekov
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på gebyr. SAK614-22

Klage på gebyr - gbnr 137/184 Alver

Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå byggegrense mot sjø og plankravet for etablering av plattning i tilknytning til naust - gbnr 137/184 Alver

Søknad om løyve til tiltak - gbnr 137/184 Alver

Dispensasjonssøknad - oppføring av naust og slipp - gbnr 137/184 Alver

Situasjonsplan

Tegning ny fasade

Følgebrev

Avslått søknad om dispensasjon - gbnr 137/184 Alver

Klage på sak - gbnr 137/184 Alver

KLAGE SAK 106521 - GNR.BNR

Klage Tiltakshaver

Løyve til oppføring av naust og slipp - gbnr 137/184 Alver

Klage på avslag - gbnr 134/184 Alver

Klage på avslag - gbnr 137/184 Alver

Søknad om redusert gebyr vert avslått - gbnr 137/184 Risa

Fakturagrunnlag - gbnr 137/184 Alver

Fakturagrunnlag - gbnr 137/184 Alver

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 137/184 Alver

Kopi til:

Kopi til:

Øystein Risa

Gamlastøa 11

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER